

SYNLIGHET I SENIORNETT – RAPPORT FRÅ ET UTVAL

Styret i Seniornett vedtok i møtet den 7. desember i 2023 å opprette eit Synlighetsutval som skal vurdere korleis Seniornett kan bli betre kjent blant potensielle medlemmer, opinionen, fagmiljø, politikarar med fleire. Eit betre kjennskap til Seniornett – på alle nivå – vil kunne vere eit fortrinn for å få fleire medlemmer, betre posisjon i opinionen og med utsikt til auka offentleg støtte som konsekvens.

Seniornett

Er ein frivillig og idiell medlemsorganisasjon som arbeider for digital inkludering av seniorar. Seniornett vil skapa arenaer der seniorar kan skaffe seg digitale kunnsakaper og ferdigheiter

Seniornett skal gjennom sine foreiningar og sentralt:

- arbeida for å fremje seniorar sine bruk av digitale verktøy og tenester
- arbeida for å tilby seniorar opplæring, støtte og rettleiing i bruk av digitale verktøy og tenester
- være eit fagleg og sosialt nettverk for medlemmane
- arbeide for at seniorar kan delta på ein fullverdig måte i den digitale utviklinga i samfunnet
- vise at digital kompetanse blant seniorar er viktig i et folkehelseperspektiv
- være en konstruktiv samarbeidspartnar for alle aktørar som arbeider innanfor Seniornett sine interesseområde.

Digitalisering er blitt ein viktig faktor for å kunne leve eit sjølvstendig og meningsfylt liv.

Mandat

- Utvalet sin viktigastefunksjon er å vere et ideforum for synlighetstiltak
- Utvalet skal vurdere moglege nye og alternative vegar til synlighet og påvirkning og ulike former for lobbyarbeid overfor politikarar på alle nivå.
- Utvalet skal vurdere korleis vi kan skaffe oss eit korps av opinionsleiarar som snakkar vår sak og kjem med forslag til tiltak.
- Utvalet skal vurdere Digital Festival som eit av fleire moglege tiltak for synleggjering og i den samanhengen også vurdere betydninga av feiringar og prisar.
- Utvalet skal sammenfatta arbeidet sitt i ein rapport til styret med idear og forslag til tiltak, korleis dei skal gjennomførast og budsjett for tiltak.

Tolking av mandat:


Utvalet tolkar mandatet slik at Seniornett må vere synleg på fleire nivå og at utvalet i sitt arbeid vil sjå synlegheit både frå eit sentralt og lokalt nivå i organisasjonen:

1. Styrande dokument

- Seniornett sin handlingsplan
- Seniornett sin kommunikasjonsplan
- Kommunenes sentralforbunds "Digital deltakelse"
- Seniornetts tilknytning til Pensjonistforbundet og andre senior-organisasjonar
- Samarbeidsavtale med Vaksenopplæringa og Forbundet livslang læring
- Samarbeidsavtale med Pensjonistforbundet

2. Dagens situasjon og ansvarsdeling.

- I diagrammet nedanfor har utvalet forsøkt å definera ansvar for kontakt med kven og kva. Det vil sjølvsagt vere kryssande kontaktlinjer, men utvalet har forsøkt å skilje mellom kven som har ansvar og kven som eventuelt støttar eller bidreg. Uansett må det vere god kommunikasjon mellom alle som frontar Seniornetts arbeid. Vi må vere klare på kva som er vår kjerneveksemd.



- I utvalet er det semje om at positiv medlemsutvikling er heilt avhengig av eldsjeler, på alle nivå, og som brenn for Seniornett sin sak og som er viljuge til å gå den ekstra distansen som skal til for å oppnå suksess. Herunder kva som kan bli gjort for å sikra god medlemspleie og sjå til at gode arvtakarar er på plass når eldsjelene ein gong må melde pass. Og det skjer

3. Presse, Radio og TV

- Seniornett sentralt og foreningane må etablere kontakt med journalister som kan bidra til å fremje og synleggjere Seniornett
- Seniornett sentralt og lokalt må skrive lesarinnlegg og vere aktive med å kommentere aktuelle saker på sosiale medier
- Når Seniornett, sentralt eller lokalt, har ein sak som kan ha landsdekkande interesse, bør Seniornett sentralt koplast inn og eventuelt spre saken til foreningane slik at dei kan nyttast på landsbasis eller eventuelt samordnast mot myndighetene der dette kan være aktuelt
- Det er viktig at Seniornett kan synleggjere utfordringane mange eldre står andsynes i dagens IT baserte samfunn ved å nytta personar som med eigen erfaring har møtt store utfordringar. Denne typen saker får ofte tilgang til redaksjonane både sentralt og lokalt. Her må vi vere flinkare til å gripe mogeligheter.
- Det hadde vore ynskjeleg om Seniornett kunne samarbeide med NRK eller ein annan rikskringkaster om ein programserie som handlar om digital utanforskap og utfordringane det fører med seg. (SVT har laga ein slik programserie som heiter «Seniorsurf@rna»)
- Lokal TV og radio bør også nyttast så mykje som mogleg
- Bruk SMS, e-post og sosiale medier for å synleggjere Seniornett. Dei foreiningane som har kapasitet og moglegheit til å etablere egne sider på sosiale medier bør gjera dette
- Foreiningane sin styreleiar er ansvarleg nettrektor.

4. Synlighetstiltak for Hovedstyret

- Styreleiar og Hovedstyret må vere aktive i markedsføringa og støtte generalsekretær og sekretariatet med synliggjeringsiltak
- Det bør etablerast sentrale retningslinjer for korleis samarbeidet med andre organisasjonar må vere for å sikre at Seniornett blir fokusert
- Medlemspleie er viktig! Hovedstyret må bidra til at foreningar ser medlemmene sine og inviterer dei til møter og kurs
- Medlemskontingenten bør liggje på eit rimeleg nivå
- Utvalet er av den oppfatning at Seniornett utfører ei oppgåve for det offentlege og at grunnfinansiering av Sekretariatet bør vere eit offentleg ansvar.
- Sekretariatet må laga ein mal som kan nyttast til presentasjon av organisasjonen
- Digital Festival bør få meir fokus og støtte med omsyn til val av tema

- Utvalet meiner det bør lagast ein oversikt over kva ein avtale mellom foreningane og deira kommuneadministrasjon bør innehalde
- Seniornett bør vurderast å bli med på konferansar som handlar om mestring av eigen kvardag. Mellom anna Arendals-veka.
- Seniornett bør prøve å få til et samarbeid med NRK eller ein annan rikskringkastar om ein programserie som handlar om digital utanforskap og utfordringane som det medfører
- Seniornett magasinet er eit viktig marknadsføringsmiddel og må førast vidare.
- Vurdere arrangement i tilknytning til Nasjonal sikkerheitsmånad og verdens eldredag 1. oktober
- Vurdere om vi skal ha eit tettare samarbeid med andre pensjonistforeiningar, og då med utgangspunkt i at vi skal vere leverandør av tenester der seniorar kan skaffe seg digitale kunnskapar og ferdigheiter.
Her må det i tilfelle avtalast eit rammeverk for korleis vi skal kompenseras for bidraget vårt. Ideelt sett bør alle Seniornett sine rettleiarar vere medlemmer av Seniornett.

5. Mogelege tiltak

1. Seniornett og foreningane må prøve å etablere eit nettverk med representantar, rådgjevarar og saksbehandlarar på Stortinget og i regjeringa som kan hjelpe oss å fremje vår sak, spesielt gjeld dette i budsjettprosessen. Eit nasjonalt koordinert skriv frå Seniornett til stortingsrepresentantane kan påverke prosessen
2. Sette søkelys på dei utfordringane og konsekvensane det får når det blir kutt i løyvingane.
3. Etablere gode samband med mellomleiarar og saksbehandlarar i departement og underliggjande etatar som handterer saker som gjeld løyvingar til verksemda vår.
4. Det vil ikkje alltid vere Seniornett som vil ha dei beste kontaktane. Ofte vil det vere lokale representantar som kan hjelpe med å etablere dei nødvendige sambanda. Eit godt nettverk betyr alt.
5. Alle som jobbar med politikk, har ein heimstad og det kan være fornuftig for foreiningane å etablere kontakt med politikarar som jobbar sentralt, men som har ei lokal tilknytning.

6. Generalsekretæren

- Seniornetts "utenriksminister" saman med styreleiar
- Bygge nettverk mot Storting og regjering, med underliggjande etatar
- Etablere eit godt forhold til politiske parti og deira organisasjonar på alle nivå
- Drive aktiv kontakt med foreiningane
- Delta i konferansar som handlar om seniorar
- Halde innlegg på konferansar
- Delta i paneldebattar
- Kommentere fortløpande saker, i media, som gjeld digitalt utanforskap

- Drive ein aktiv lobbyverksemd i alle samanhengar der Seniornetts verksemd kan ha interesse
- Seniornett sentralt må lage en mal som kan nyttast for presentasjon av foreininga
- Seniornett magasinet er eit viktig marknadsføringsmiddel og må drivast vidare
- Ha eit velfungerande kontaktnett mot kringkasting, redaktørar og journalistar
- Ha vervepremiar – oppsøk mogelege leverandørar og be om vervepremiar.

7. Synlighetstiltak for Sekretariatet

- Sekretariatet har ein viktig funksjon i opplæring av rettleiarar
- Fredaganes e-postar frå Sekretariatet er gode og viktige i denne samanhengen
- Felles reklamemateriell vert kjøpt inn sentralt
- Sekretariatet bør lage eit forslag til vervekampanje som kan nyttast av foreiningane
- Fotografering og bildebehandling er svært populært blant seniorar og her bør Seniornett fylgje opp satsinga frå tidlegare
- Fotokonkurransar gir også ein glimrande moglegheit til å arrangere fotoutstillingar i samarbeid med lokale bibliotek eller kommunar
- Sekretariatet bør utforme nokre standardannonsar som kan nyttast når det er mogeleg å få gratisannonsar
- Utvalet er ikkje overtydd om at annonsar i tidsskrift og aviser bidreg mykje til nyrekruttering og tilrår at pengar blir brukt på dette så lite som mogeleg.
- Informasjonen som ligg på seniornett.no og foreininganes nettstader må vere oppdatert. Framsida på Seniornetts nettsted må oppdaterast jamleg og gjerast meir oversiktleg og brukarvenleg
- Gratisannonsar og redaksjonell omtale tar vi sjølv sagt imot med takk
- Seniornett sentralt bør utarbeide mal for annonsar som kan nyttast av foreiningane
- Vurdere å lage malar og ideforslag til digital Festival.

8. Synlighetstiltak for foreiningar

- Samarbeidsavtalen mellom Seniornett og Vaksenopplæringsforbundet seier at vi skal få gratis der det er ledige lokale
- Foreiningane har eit sjølvstendig ansvar for å vere synlege i nærmiljøet
- Foreiningane kan bli synlege gjennom aktivitetar og samarbeid med eigen kommune, lesarinnlegg og omtale i lokalavisa
- Foreiningane bør etablere god kontakt med kommune/ fylket sitt Eldreråd
- Etablere kontakt mellom kommunen og Seniornett-foreiningane som alt eksisterer. Det bør etablerast eit slikt samarbeid der dette ikkje alt er etablert
- Foreiningane bør ta kontakt med kommuneadministrasjonen for å avtala gratis bruk av kommunen sine lokalar og datanett til sine møte og kurs
- Forutan Eldreråd og Frivilligsentralar bør det lagast ei oversikt over kva andre einingar i kommunane som kan vere samarbeidspartnara.

- Foreiningane bør ha god kontakt med kommunens Eldreråd og bli enige om at Seniornett skal ha ein kontaktperson til rådetForeiningane bør orientere Eldrerådet om kva foreiningane kan gjere for kommunen sine seniorar
- Ta kontakt med kommunepolitikarar som er ansvarlege for helse og meistring
- Medlemspleie er viktig, og medlemmane er Seniornetts viktigaste ambassadørar når det gjeld rekruttering
- Foreiningane må sjå medlemmane sine og inviterer dei til møter og kurs, og held dei oppdaterte med e-postar om aktivitetar og «lure tips»
- Utvalet drøfta temaet Velferdsteknologi og konkluderte med at Foreiningane bør vite kva tilbod som finst i kommunen, men at Seniornett bør setje søkelys på IT hjelpemiddel som til dømes smart-telefon - og klokke
- Arrangere digital festival med utvalde tema
- Samarbeid med Folkebiblioteka
- Delta på og vere synlege på kommunane sine seniordagar der desse vert arrangert
- Bygge eit kontaktnett med redaktørar og journalistar
- Skrive lesarinnlegg i lokalaviser
- Bruk sosiale media aktivt for å få medlemmer til å dele informasjon om Seniornett med vener og familie
- Nytt e-post til å formidle informasjon til medlemmane
- Skaff ein oversikt over andre lokale foreningar og verksemdar som det kan vere aktuelt å samarbeide med
- Drive aktivt lobbyarbeid mot vedtaksføre folkevalde og opinionsdannarar lokalt.
- Skaff eit oversyn over folkevalde og følg opp politikarar som kan målbera våre synspunkt.
- Styreleiar i Seniornetts foreiningar er ansvarleg redaktør ved bruk av sosiale medier, som f.eks. foreininganes nettstad
- Etablere ein «dele-teneste» der foreiningar kan dele gode idear, avisinnlegg og liknande med kvarandre
- Ta kontakt med, og bli invitert til frivillige lag og foreiningar der seniorar er til stade/engasjert for å presentere Seniornett og lokal-foreiningen
- Appellera til medlemmer om å vere aktive med tanke på rekruttering. F.eks. ei gåve til familie og vener kan vere eit medlemskap i Seniornett
- Fotografering og bilethandling er svært populært blant seniorar, her bør foreiningane følgje opp satsinga frå tidlegare
- Det finst ein fotoklubb i dei fleste kommunar som sikkert ville setta pris på å bli engasjert både som instruktørar og til å juryere fotokonkurransar
- Fotokonkurransar kan gi ein glimrande moglegheit til å arrangere fotoutstillingar i samarbeid med lokale bibliotek eller kommunar
- Ved alle høve der Seniornett vert presentert bør det vere brosjyrer om oss og skjema for innmelding tilgjengeleg
- Bygg nettverk med andre lag og foreiningar der seniorar treffast for å presentere Seniornett som organisasjon og for å presentere foreininga.

27.05.2024

Utvalets medlemmer:

Lisbeth Johansen (Seniornett Tønsberg), Gunnar Flikke (Seniornett Trondheim), Kristi Odéen (Seniornett Helgetun Bergen), Dag Westhrin (Seniornett Kragerø), Odd Magne Eide (Seniornett hovedstyre), Siri Mollatt (Seniornett hovedstyre), Erling Hannevig Wang (Seniornett hovedstyre)